


REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL



ÅRSMELDING 2009



INNHALDSLISTE

1.	VEDTEKTER	3
2.	FORMÅL	3
3.	ORGANISERING.....	3
4.	MØTER/SAKER	3
5.	EINSKILDE SAKER.....	4
5.1	Strategisk plan for Hallingdal	4
5.2	Samordning kriminalitetsførebyggande tiltak i Hallingdal.....	4
5.3	Trafikktryggleik /Trygge Lokalsamfunn.....	4
5.4	Samferdsel	5
5.5	Partnarskapsavtale med Buskerud fylkeskommune	8
5.6	Regionalt næringsfond	9
5.7	Skjønnmidlar til omstillingstiltak.....	10
5.8	Fjellregionsamarbeidet.....	10
5.9	"Det Digitale Hallingdal".....	10
5.10	Breiband Hallingdal	10
5.11	Rekruttering til Hallingdal	11
5.12	Lys i alle glas	11
5.13	Tilflyttingsprosjekt.....	12
5.14	Energi- og klimaplan for Hallingdal og Valdres.....	12
5.15	Eit opnare Hallingdal - utsiktsrydding	13
5.16	Samarbeid barnevern i Hallingdal.....	13
5.17	Hallingdal Ungdomsråd	13
5.18	Samhandlingsreforma, utvikling av "Hallingdal lokalmedisinske senter"	13
5.19	Uttaler.....	14
6.	VERV.....	14
7.	PERSONELL	14
8.	ØKONOMI	15
9.	UTFORDRINGAR	15

ÅRSMELDING 2009

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

1. VEDTEKTER

Vedtektena for Regionrådet er basert på viljeserklæringa om interkommunalt samarbeid som vart vedteke på Hallingtinget 26. nov. 1999, og revidert av det nye Hallingtinget på møte 30.november 2007.

Vedtektena vart revidert i 2001 med handsaming på Hallingtinget 16. mars 2001 og er vedteke av alle kommunane.

2. FORMÅL

Regionrådet for Hallingdal skal vere eit samarbeids- og interesseorgan for kommunane i Hallingdal. Rådet skal arbeide for utvikling av regionen med særleg vekt på nokre prioriterte satsingsområde.

Rådet skal også vareta interessene til regionen overfor fylke, stat og andre organ på region-, fylkes- og riksplan.

3. ORGANISERING

Hallingtinget er det øvste formelle organet i Regionrådet, med 5 representantar frå kvar kommune, der den eine er ordføraren. Dei andre representantane er leiar/nestleiar av hovudutval/sektorutval og/eller medlemmer av formannskapet.

Ordførarane utgjer Regionrådet for Hallingdal.

Administrasjonssjefane i kommunane har møterett på Hallingtinget og blir kalla inn til møta med tale- og forslagsrett.

Hausten 2007 vart det valt nye representantar til Hallingtinget, for perioden 2007-2011:

Hol	Ål	Gol	Hemsedal	Nes	Flå
Erik Kaupang ordførar	Torleif Dalseide ordførar	Olaug Grønseth Granli, ordførar	Oddvar Grøthe ordførar	Gerd Eli Berge ordførar	Tor Egil Buøen ordførar
Tony Arild Kjøl	Ivar Brevik	Kåre Olav Solhjell	Olav Støyten	Ingunn Fagermoen	Kristin Gullingsrud
Siren Hamre	Harald Varlid	Tore Dag Skjerdal	Odd Holde	Eva Bjørg Haugen	Karsten Ekeren
Maria Søndrål	Torhild Helling Bergaplass	Steinar Medhus	Tove Eggen Lien	Nils Rodegård	Ole Johnny Stavn
Hallvard Lilleslett	Inger Elise Kaslegard	Hallvor Lilleslett	Ernst Tore Eggen	Bjørn Skjelseth	Sigrid Ingeborg Gislerud.

Oddvar Grøthe er rådsordførar for perioden og Torleif Dalseide er varaordførar.

4. MØTER/SAKER

I 2009 var det 2 møte i Hallingtinget og 9 saker vart handsama.

Regionrådet hadde 11 møter og handsama 65 saker.

5. EINSKILDE SAKER

Av større enkeltsaker som Regionrådet har arbeida med i 2009:

5.1 Strategisk plan for Hallingdal

Hallingtinget vedtok Strategisk plan for Hallingdal 2006 – 2010, 28. april 2006.
Revidert handlingsprogram vedtok Regionrådet i sak 79/08.

5.2 Samordning kriminalitetsførebyggande tiltak i Hallingdal

SLT-prosjekt Hallingdal starta 01.01.05. Prosjektet var eit samarbeidsprosjekt mellom Regionrådet for Hallingdal og Lensmennene i Hallingdal, med økonomiske midlar frå kommunane og Justisdept. ved KRÅD (Det Kriminalitetsforebyggende Råd).

Prosjektkoordinator har frå 15.8.2006 vore Ole-Reidar Lågrinn.

Hovudargumentet for prosjektet var å utvikle og styrke den lokale samordninga i Hallingdal, i det kriminalitetsførebyggande arbeidet. Prosjektet skulle etter planen avsluttast 1.2.2008, men det vart bestemt å vidareføre prosjektet i 2 nye år.

I sak 43/09 handsama Regionrådet event. vidareføring av SLT Hallingdal, der Regionrådet rådde kommunane til at SLT Hallingdal blir vidareført som ei permanent ordning frå 1.1.2010, med ein tilsett koordinator i 50% stilling. Forslaget var og at ordninga blir organisert i ein vertskommunemodell, og at kostnadane blir fordelt etter den faste regionale fordelingsnøkkelen.

Alle kommunane støtta forslaget slik at SLT Hallingdal no er ei permanent ordning. Organisinga er førebels som i prosjektperioden der prosjekteleiari er tilsett i Regionrådet.

5.3 Trafikktryggleik /Trygge Lokalsamfunn

Regionrådet for Hallingdal har sett fokus på trafikktryggleik. Hausten 2006 vart det etablert eit eige 3-årig samarbeidsprosjekt. Når Regionrådet starta eit eige samarbeidsprosjekt for å setja trafikktryggleik i Hallingdal på dagsorden, var dette fyrt og fremst ut frå ei erkjenning om at det var altfor mange og alvorlege ulykker, spesielt på Rv7 og Rv52. Prosjektet Trafikktryggleik Hallingdal har hatt særleg fokus på desse to vegane i Hallingdal.

Men prosjektet har også hatt som målsetting å stimulere trafikktryggleiken i alle kommunane i Hallingdal. Statistikken i Hallingdal har vore skremmande med 14 drepne og hardt skadde i snitt pr. år frå 1991 – 2006, på Rv7/Rv52 i Hallingdal, ein vekstrekning som er 22 mil!! Utan tvil ein av dei verste vegstrekningane i Norge.

I starten av prosjektet utførte Statens vegvesen eit omfattande analysearbeid av ulykker på Rv7/Rv52, noko som var ein del av grunnlaget for det vidare arbeidet.

Målsettinga for Trafikktryggleik Hallingdal var svært ambisiøs; I løpet av tre år å halvera talet på ulykker med drepne og hardt skadde. Med ei slik målsetting ville me nærme oss nivået på drepne og hardt skadde på tilsvarande vegar.

Prosjektet nådde målsettingane, der talet på drepne og hardt skadde i snitt er 4,3 pr. år, for åra 2007 – 2009.

Årsakene til at talet på drepne og hardt skadde på Rv7 og Rv52 i Hallingdal har fått ein sterk reduksjon kan vera mange. Noko vil vera tilfeldig, men samstundes er det stor tru på at prosjektet har hatt ein god del å seia.

I tillegg til konkrete målbare tal har utan tvil Trafikktryggleik Hallingdal vore ein sterk bidragsytar i forhold til haldningsskapande arbeid relatert til konkrete målgrupper. Prosjektet

har òg vore ein indirekte bidragsytar for auka kontrollverksemد og gjennomføring av konkrete veggtiltak. Med prosjektet som pådrivar vil også alle kommunane i Hallingdal om kort tid ha sine trafikktryggleiksplanar. Det kan og vera verdt å nemne at av 12 lærarar som skal vera ambassadørar for Trygg Trafikk komande skuleår, har Hallingdal fått 2.

Prosjektet har fått svært god mottaking både regionalt og nasjonalt, og har etterkvart fått god lokal forankring.

Ut frå svært mange positive signal vedtok Regionrådet for Hallingdal i sak 34/09 å vidareføre prosjektet i to nye år (2010 og 2011). Finansieringa er sikra ved bruk av lokale midlar, det blir nytta midlar frå Partnarskapsavtala med Buskerud fylkeskommune, hovudutval for samferdsel i fylkeskommunen har løyvd kr. 300.000/ FTU og Statens vegvesen bidreg m.a. med kontorlokale.

Når det gjeld finansiering av konkrete tiltak er det stor tru på at dette vil la seg finansiere med ulike aktørar, som det har vore gjort fram til no. Det er også gjeve eit tilskot frå Samferdselsdepartementet til nærmere definerte tiltak med kr.300.000

Prosjektet utarbeidar eigen årsrapport som skal handsamast av styringsgruppa.
Det er utarbeida eigen handlingsplan for prosjektpérioden 2010-2011.

Knut Erik Jetlund byrja som prosjektleiar i 100% stilling frå 5.2.2007 og held fram som prosjektleiar i vidareføringa av prosjektet.

Noverande styringsgruppe er:

- Gerd Eli Berge, Regionrådet for Hallingdal (leiar)
- Hans Jan Håkonsen, avd.direktør i Statens vegvesen avd. Buskerud
- Harald Ouff, områdeleiar for Trafikant og kjøretøy i Statens vegvesen
- Anne Marit Jordheim, fylkessekretær Trygg Trafikk Buskerud
- Anne Grethe Bakkegaard, distriktsleiar i Utrykkingspolitiet
- Geir Vidme, lensmann i Flå og representant for lensmannskontora i Hallingdal
- Magne Megard, Gjensidige Hallingdal
- Knut Arne Gurigard, forsikringsutvalet for kommunane i Hallingdal
- Eivind Bomann, trafikkoordinator hjå politimeisteren i Nordre Buskerud

5.4 Samferdsel

Nasjonal Transportplan

Samferdsel har vore og er framleis ei prioritert oppgåve.

Arbeid som har kravd mykje ressursar har i fyrste rekke vore i forhold til arbeidet med Nasjonal Transportplan (NTP) 2010 – 2019. I tillegg er Sokna – Ørgenvika og hovudvegane gjennom Hallingdal og Bergensbanen viktige oppgåver.

Regionrådet har arbeidd aktivt for å få fram Hallingdal sine synspunkt i samband med forslag til Nasjonal Transportplan for 2010 – 2019. I tillegg til at Regionrådet har arbeida med desse sakene har interesseorganisasjonane IS Rv7 og Forum Nye Bergensbanen vore viktige pådrivarar.

Regjeringa si stortingsmelding om NTP 2010-2019 vart lagt fram 13. mars 2009 og Stortinget handsama 11. juni innstilling om Nasjonal transportplan.

Det blir lagt opp til eit løft for samferdsel både i forhold til vedlikehald og investeringar. Nokre konkrete prosjekt med stor interesse for Hallingdal er nærmere omtala.

Eit viktig arbeid har også vore å sikre riksvegstatus for Rv7 vest for Gol etter 1.1.2010 (innføring av forvaltningsreformen). Dette vart det gjennomslag for slik at Rv7 frå Gol – Bu no er riksveg (konf. Hallingtinget, sak 09/08; Høyring av forslag til klassifisering av øvrige riksvegar).

Forvaltningsplan for Rv7 og Rv52

I 2007 – 2008 arbeida Statens vegvesen Region sør med forslag til **Forvaltningsplan for Rv7 og Rv52**, der Regionrådet var ein del av ei referansegruppe og dagleg leiar var med i arbeidsgruppe.

Bakgrunn for prosjektet er auka trafikkgenerering som følgje av Hallingdal som stor og viktig reiselivsdestinasjon. For Hallingdal er det ei sterk planlagt auka satsing på reiseliv. Statens vegvesen ynskjer å sjå denne utviklinga i samanheng med utviklinga av Rv7 og Rv52.

Intensjonen er å skape forståing hjå lokale, regionale og sentrale styresmakter for samanhengen mellom kommunane sine ynskjer om arealutvikling og kva riksveg 7 og riksveg 52 målar av trafikkutvikling.

Hovudmålsettingane med arbeidet vil vera 3-delt:

- Peike på og skapa forståing for samanhengen mellom kommunane sine ynskjer om arealutvikling og kva vegen målar av trafikkutvikling.
- Utvikle ein langsigkt, strategisk forvaltningsplan for å sikre ein balansert utvikling av vegen og ”dens omgivelser” i regionalt perspektiv.
- Utvikle ein reknearkbasert modell for ajourhald og verifikasiing av samanhengen mellom arealbruksutvikling i reiselivssamanheng og trafikkgenerering.

Forvaltningsplan Rv7/Rv52 har på ein svært grundig måte analysert Rv7/Rv52 i forhold til vegstandard og konsekvensar ved ei forventa trafikkauke. I planen blir det m.a. sagt at ut frå ein forventa mykje større trafikkvekst enn det som er lagt til grunn i transportetataanes planforslag, vil Rv7/Rv52 kunne oppleve ein negativ trafikktryggleiksutvikling og trafikkavvikling.

Nokre sitat frå rapporten:

Investeringsbehovet for å bringe stamvegen opp til vegnormalstandard bør derfor ideelt settes inn tidligere enn forutsatt i NTP hvis arealplanene blir realisert. Foreløpige rammer for tiårsperioden 2010-2019 vil ikke på noen måte imøtekommne ønsket om en relativt sett bedre og sikrere rv.7/52.

En raskere utbygging enn forespeilet i forslaget til NTP 2010-2019 må derfor bygge på et politisk og administrativt arbeid som føres på to fronter:

- *Arbeide for økte statlige rammer til Rv7/52.*
- *Lokalt initiativ for utvikling av vegnettet. Dette vil i praksis kunne være forslag om å bygge ut viktige deler av vegen ved hjelp av alternativ finansiering som for eksempel bompenger eller forskottering.*

Rapporten fortel med all tydelegheit at Rv7 er i ein heilt spesiell situasjon og det krev spesielle tiltak både for å få vegen opp på ein akseptabel standard, samstundes som mangel på investeringar kan få svært alvorlege konsekvensar for Hallingdal.

Ramsrud – Kjeldsbergsvingane

Etter mange års venting starta anleggsarbeida på Ramsrud – Kjeldsbergsvingane for fullt i august 2009. Total veglengde er 6250 meter, med ein kostnad på ca. 400 mill. kroner. Ny veg er planlagt opna i 2012.

Sokna - Ørgenvika

Innkortinga Sokna - Ørgenvika er kome mange steg nærare ei realisering i 2009.

Etter iherdig arbeidd kom prosjektet inn i Nasjonal Transportplan 2010 – 2019, med 100 mill kr i perioden 2010 - 2013 og 600 mill kr i perioden 2014 – 2019.

Dette er for Hallingdal på langt nær ei tilfredsstillande framdrift, både ut frå behovet for veginnkortinga og at planarbeidet er kome svært langt med m.a. vedtekne reguleringsplanar.

I møte med kommunane i Hallingdal, Krødsherad, Ringerike og Statens vegvesen den 24.4.2009 var det semje om ei førebels tilråding om vidare framdriftprosess:

- Statens vegvesen utarbeidar endeleg forslag til delvis bompengefinansiering
- Forslaget ut på høyring til berørte kommunar
- Handsaming i Buskerud fylkesting oktober 2009.

Det var ei klar målsetting å få fram saksdokument og dei nødvendige vedtak så raskt at det var mogeleg å handsame bompengeproposisjon i Stortinget vårsesjonen 2010, med planlagt byggestart i 2011.

Som ein del av høyringa vart det og vurdert endringar i eigarskapet til bompengeselskapet, som var eigd av kommunane i Hallingdal 60% og Buskerud fylkeskommune med 40%. Det vart vurdert som hensiktsmessig at Buskerud fylkeskommune tok ansvaret for å stille garanti til bompengeselskapet og at fylkeskommunen derfor også overtok eigarskapet til heile selskapet.

Det vidare arbeidet gjekk som planlagt der Statens vegvesen gjorde ein svært god innsats, kommunane i Hallingdal gjorde sine vedtak og fylkestinget i Buskerud gjorde sitt vedtak 22.10.2009. I tillegg vedtok Buskerud fylkeskommune å stille garanti slik at Hallingporten Vegfinans AS kan ta opp lån for inntil 1.500 millionar kroner. Dette gjer at prosjektet kan realiserast raskare enn det som det er lagt opp til i NTP 2010 – 2019. I denne saka er det god grunn til å gje honnør til Buskerud fylkeskommune både som aktiv pådrivar for gjennomføring av Sokna – Ørgenvika og dei garantiar som er gjevne.

Arbeidet framover er no å sørge for at bompengeproposisjon kjem i Stortinget vårsesjonen 2010.

Kampen for vinteropne vegar held fram.

For Rv7 over Hardangervidda har villrein vore stridstema. Ei hovudproblemstilling har vore nytten av å vinterstenge Rv7 for å betre tilgangen til beiter på nordsida av Rv7 og for å redusere barrierefektane av ein vinteropen veg for utveksling av rein mellom Hardangervidda og Nordfjella villreinområder. Samstundes er det sterke samfunnsinteresser som talar for ein vinteropen veg.

I samband med statsbudsjettet for 2007 vart det ikkje teke endeleg stilling til Rv7 som vinteropen veg og eventuelle avbøtande tiltak, her står det:

"Miljøverndepartementet vil bidra til at det utarbeides en ny fylkesdelplan for hele Hardangervidda. I tillegg til å sikre villreinens leveområde, skal planen avklare arealbrukskonflikter, vise muligheter for økologisk forsvarlig næringsutvikling og gi de

overordnede rammene for kommunal planlegging og behandling av saker etter sektorlover. Forhold knyttet til rv 7 vil være et aktuelt tema i en fylkesdelplan som skal legge rammene for en helhetlig forvaltning av Hardangervidda.

Etter behandlingen av fylkesdelplanen vil spørsmålet om vinterstenging av rv 7 bli vurdert på sentralt nivå.”

Arbeidet med fylkesdelplan for Hardangervidda 2011 – 2025 starta so smått i 2007 og er planlagt at kan slutthandsamast i fylkestinga i 2011.

Bergensbanen

Det er naudsynt med omfattande midlar til vedlikehald på Bergensbanen i tillegg til bygging av fleire kryssningsspor, for m.a. å kunne overføre meir gods frå veg til bane. I NTP 2010–2019 er det planlagt både bygging av kryssningsspor og betydelege midlar yil vedlikehald.

Bergensbanen har ein vesentleg %-del av godset som blir flytta mellom Noregs to største byar med omland, og trafikken har auka mykja dei seinare år. Godsmengda på banen tilsvarar om lag 150 000 trailerlass kvart år, eller over 400 trailerar gjennom Hallingdal kvar einaste dag. Dette er ei positiv utvikling som både gjev miljøgevinst, større trafikktryggleik på vegane og mindre vegslitasje. Her er det eit stort potensiale for auke dersom politikarane legg til rette for utbygging av nok kryssningsspor og terminalar. Tiltak som burde vore gjennomført for lenge sidan.

Det som likevel vil vera heilt avgjerande for framtida til Bergensbanen er realiseringa av Ringeriksbanen. Heller ikkje i samband med NTP 2010 – 2019 er Ringeriksbanen prioritert. Rett nok er det det ført opp 577 millionar til planlegging i andre del av perioden, 2014-2019. Regjeringspartia slår i ein merknad fast at oppstart er prioritert mot slutten av ti-årsperioden.

For oppgradering og utvikling av Bergensbanen med m.a. bygging av Ringeriksbanen er det nødvendig med ei sterk og kontinuerleg påverking. Den satsinga som m.a. Regionrådet for Hallingdal var med og initierte, med oppretting av ei eiga prosjektstilling underlagt Forum Nye Bergensbanen, bør vera eit godt grunnlag for å kunne drive eit meir kraftfullt arbeid, for å påverke ei heilt nødvendig utvikling av Bergensbanen.

Meir informasjon kan hentast på www.nyebergensbanen.no.

Andre moment

Andre viktige spørsmål innan samferdsel som det har vore arbeidd med er m.a.:

- Synleggjera konsekvensane med auken i trafikk på hovudvegane gjennom Hallingdal
- Utbetringar og heving av vegstandard.
- Regionrådskontoret har sekretariatsfunksjonen for Interesseselskapet IS Rv7.

5.5 Partnarskapsavtale med Buskerud fylkeskommune

Fra 2004 har det vore ei eigen partnarskapsavtale mellom Regionrådet og Buskerud fylkeskommune. Føremålet med avtala er å bidra til ei utvikling av regionen i eit bærekraftig perspektiv med utgangspunkt i fylkesplanen sine målsettingar. Avtala plikter partane gjensidig til å delta i arbeidet med fylkesplanen sitt handlingsprogram og følgje opp prioriterte samarbeidsområde gjennom årlege gjennomføringsavtaler, konkrete tiltak/prosjekter og finansiering av desse.

I samband med dette arbeidet har Buskerud fylkeskommune oppnemnt Laila Tryde (Sp) og Dag Stenersen (Frp.) som regionkontaktar for Hallingdal.

Regionkontaktane deltek først og fremst på dei møta i Regionrådet der det er saker som har relevans i forhold til partnarskapsavtala.

For 2009 var samarbeidet knytt til følgjande prioriterte område:

- Klima og energi
- Samferdsel med kollektivtrafikk
- Satsingsområde for næringsutvikling
 - Arbeidskraft
 - Forskning og innovasjon
 - Reiseliv
 - Kulturnæring
 - Kunst og kultur
- Læring heile livet
- Kommunar med nedgang i folketalet
- Vassdrag/Vassbruk
- Folkehelse

For 2009 løyvde Buskerud fylkeskommune kr. 2.470.000 til gjennomføringsavtala og det er løyvd midlar til følgjande tiltak:

• Hallingdal Reiseliv	kr.	800.000
• Hallingtrainee	kr.	300.000
• Huldra og prins Hadding	kr.	225.000
• Norsk Fjellmatcenter	kr.	180.000
• Ungt Entreprenørskap	kr.	325.000
• Hallingdal Utvikling	kr.	350.000
• Trafikktryggleik	kr.	300.000
• Hallingdal Etablerersenter	kr.	225.000
• Hallingdal Skogeigarlag	kr.	90.000
Sum	kr.	<u>2.795.000</u>

I tillegg til årests løyving er det nytta kr. 325.000 frå overførte midlar.

Trafikktryggleik Hallingdal blir gjennomført i regi av Regionrådet for Hallingdal, medan dei andre prosjekta har andre prosjekteigarar.

Restsum på kr. 126.262 er overført til 2010. For 2010 har Buskerud fylkeskommune i tillegg løyvd kr. 2.160.000 til gjennomføringsavtala.

5.6 Regionalt næringsfond

Total løyving for 2006, 2007 og 2008 **kr. 4.448.000**

I 2007 løyvde Regionrådet midlar til følgjande tiltak:

- 31/07 Hallingmo	kr.	450.000
- 39/07 Norges Friluftshøgskole	kr.	400.000
- 51/07 Hallingforsk (2 + 2 år)	kr.	1.200.000

I 2008 har Regionrådet løyvd midlar til følgjande tiltak:

- 49 og 63/08Utsiktsrydding Hallingdal	kr.	500.000
- 72/08 Perfect day i Hallingdal.	kr.	<u>200.000</u>

Totalt løyvd **kr. 2.750.000**

Ubrukte midlar pr. 31.12.2009

kr. 1.698.000

5.7 Skjønnmidlar til omstillingstiltak

Også for 2009 vart det søkt om skjønnsmidlar til omstillingstiltak i Hallingdal, ut frå Fylkesmannen i Buskerud sitt omstellingsprogram.

Med bakgrunn i forslag til tiltak frå Rådmannsutvalet og handsaming i Regionrådet vart det løyvd midlar til følgjande tiltak:

- | | |
|---|---------------------------|
| • Samordning av infrastruktur for skular og barnehagar (IKT): | kr. 250 000 |
| • Ny matrikkel (IKT): | kr. 250 000 |
| • Adferdsprosjekt (vidareføring av prosjekt frå 2008) | kr. 450.000 |
| Sum kr. | <u>kr. 950.000</u> |

5.8 Fjellregionsamarbeidet

Fjellregionsamarbeidet er eit regionalpolitisk samarbeidsnettverk for kommunar, regionråd og fylkeskommunar i Sør-Norge, der fjellområda er ein viktig del av ressursgrunnlaget og føresetnadane for næringstilpasning, kultur og livsvilkår.

Medlemmer er fjellkommunar/regionråd og fylkeskommunar i Hedmark, Buskerud, Oppland, Sogn- og Fjordane og Telemark.

Måla og arbeidsområda for Fjellregionsamarbeidet er:

- Vera pådriva for å skapa ein ny fjellpolitikk i Norge og medspelar i norsk regionalpolitikk.
- Kunnskapsformidling om nasjonale og internasjonale tema
- Politikkutforming internasjonalt og deltaking i Euromontana

Regionrådet for Hallingdal deltek i Fjellregionsamarbeidet og Olaug Grønseth Granli er valt inn i arbeidsutvalet med Oddvar Grøthe som vararepresentant.

Sjå meir her: <http://www.fjellregionsamarbeidet.no>

5.9 ”Det Digitale Hallingdal”

Det Digitale Hallingdal er namnet på den felles satsinga kommunane gjer innan IKT. Halgrim Merødningen som IKT-koordinator for kommunane i Hallingdal er formelt tilsett i Regionrådet, men har Rådmannsutvalet som styringsgruppe.

I samband med forvaltningsrevisjon av Regionrådet i 2007, vart det peika på at rapporteringa for det regionale IKT-samarbeidet burde vurderast. Dersom aktivitetar i regi av dette samarbeidet framleis skal inngå i Regionrådet sitt rekneskap så burde det gå tydeleg fram kva aktivitetar og balansepostar som tilhørde Regionrådet sine aktivitetar, og kva som vart gjennomført i regi av Styringsgruppe IKT. I samband med rekneskapet er dette gjort og felles IKT-prosjekt blir ikkje nærmere kommentert.

5.10 Breiband Hallingdal

I 2006 søkte Regionrådet for Hallingdal, Høykom om midlar til breibandutbygging i Nordbygdane og Rukkedalen og det vart løyvd kr. 1.959.000 til formålet. Hallingdal Kraftnett stod for utbygginga som hadde ein total anleggskostnad på ca. 6,2 mill. kroner.

I 2007 søkte Regionrådet om ytterlegare midlar til breibandutbygging, og det vart løyvd ca. 4,4 mill. kroner av ein total kostnad på ca. 10,5 mill. kroner. Midlane er nytta til utbygging i områder som ikkje har breibanddekning eller der det er ”kvite hol”.

I løpet av 2009 er det meste av utbygginga gjennomført.

Alle Telenor sine sentralar i Hallingdal er no bygd ut for å kunne levere breibandskapasitet. Det har også vorte gjennomført store prosjekt for å sikre/betre konkurransen i ulike område, til det beste for forbrukar/kunde. Hallingdal er no rimeleg godt dekka. Det er gjennom prosjektet avdekka utfordringar og manglar i Telenor sitt koparnett, som det på ulike måtar blitt prøvd løyst.

Sjølv om Hallingdal no har rimeleg god breibanddekning er det rimeleg klart at framtidige behov og utviklinga i marknaden, vil krevja langt høgare kapasitetar i framtida.

Regjeringa har allereie starta drøftingane om eit ”superbreiband” som har som målsetting at skal vera på plass i 2015. Også ved ei vidare utbygging er det grunn til å tru at det må til eit spleiselas mellom stat, regionale aktørar og kommunar, der marknaden ikkje er drivkraft nok for utbyggingane.

5.11 Rekruttering til Hallingdal

Hallingdal har svært store utfordingar i forhold til å sikre stabil arbeidskraft og er ein av regionane i landet som har størst etterspørsel etter arbeidskraft og lågast arbeidsløyse. Det er til dels store vanskar med å rekruttere arbeidskraft med fagutdanning og utdanning på høgare nivå. Dette er ein trussel i forhold til både dei offentlege tenestene og utviklinga av næringslivet.

For å møte desse utfordingane blir det arbeidd med løysingar på tvers av kommunegrensene og styrking av samarbeidet både i privat og offentleg sektor. I denne samanheng er satsing på ungdom ein av dei viktigaste strategiane. Partnarskapsavtale med Buskerud fylkeskommune legg vekt på desse forholda. Både Hallingdal Næringshage, Hallingdal Etableresenter og NHO er aktiv samarbeidspartar i forhold til nyskapning, allianse- og nettverksbygging mot lokalt næringsliv og ungdom/studentar.

Regionrådet og Hallingdal Næringshage har rekruttering til Hallingdal som et prioritert arbeidsområde. Eit tiltak er å bygge opp og drifte ein database (www.ressurspersoner.no) som no inneheldt adresse- og «kompetanseregister» for over 300 personar frå Hallingdal, utflytta hallingar og andre som ønskjer å ha kontakt med Hallingdal. Databasen er eit nyttig hjelpemiddel for kommunikasjon mellom næringslivet og potensielle arbeidstakrar/etablerarar.

Eit anna hovudområde har vore å skapa eit tettare samarbeid mellom skule og næringsliv. Her er m.a. felles yrkesmesse for Hallingdal og prosjektet Ungt Entreprenørskap viktige tiltak. Prosjektet Lys i alle glas og eige tilflyttingsprosjekt er andre døme (pkt. 5.12 og 5.13).

5.12 Lys i alle glas

Dei fleste kommunane i Numedal, Hallingdal og Midtfylket har oppleved ei negativ befolkningsutvikling dei seinare åra. Største utfordringa for dei fleste av kommunane ser ut til å vera å sikre nødvendig arbeidskraft. Med ei negativ befolkningsutvikling og fråflytting frå grendene blir konsekvensane ein negativ trend, som på sikt kan bli svært alvorleg. Det blir vurdert som viktig å stanse fråflyttinga frå bygdene – og få fram tilbod som kan vera attraktive for potensielle tilflytтарar.

Med prosjektet ”Lys i alle glas” har dei 12 kommunane i Numedal, Hallingdal og Midtfylket teke initiativ til eit konkret tiltak som skal vera med å snu den negative trenden. Målsettinga

er å medverke til at flest mogeleg fråflytta bruk får fast busetnad i Numedal, Hallingdal og Midtfylket, og at fleirparten av tilflyttarane får seg arbeid i regionen eller har med seg sin eigen arbeidsplass.

Prosjektet har ein prosjektperiode på 5 år, 2007 – 2011.

Prosjektet søktet i 2008 om midlar frå Kommunal- og Regionaldepartementet si ”Småsamfunnssatsing” og det var løyvd kr. 800.000. Tilsvarande beløp vart løyvd i 2009. I tillegg løyvde Landbruks- og Matdepartementet kr. 200.000 frå sentrale bygdeutviklingsmidlar. I 2009 har Buskerud fylkeskomme løyvd kr. 500.000 og Fylkesmannen i Buskerud har løyvd kr. 640.000.

Årsrapporten for 2009 syner at 40 bruk er solgt og 19 bruk er leigd ut gjennom prosjektet. Etter registreringane har 45 av eigarane sjølv flytta til bruket sitt. Det er nesten 150 forespørslar frå folk (mange småbarnsfamilier) som ynskjer å flytte til eit småbruk. Målet er å få busetting på 100 av dei registrerte bruka i prosjektperioden.

Torunn Bekkeseth er tilsatt som prosjektleiar for Hallingdal frå 1.2.2008.

Dagleg leiar i Regionrådet har prosjektansvar for regionprosjektet i Hallingdal, som starta opp i desember 2007.

Sjå meir her: www.lysialleglas.no

5.13 Tilflyttingsprosjekt

Folketalsutvikling, alderssamsetjing, kvinneunderskot, mangel på arbeidskraft, rekruttering/tilflytting, entreprenørskap, auka verdiskaping, nye arbeidsplassar. Dette er ord som ofte blir nytta når utfordringar for distrikta blir omtala.

Tilflytting til Hallingdal og rekruttering er prioriterte tiltak i Strategisk plan for Hallingdal.

Ut frå drøftingar både i Hallingtinget og i Regionrådet, vart det gjort vedtak i sak 28/08, om å setja i gang eit to-årig tilflyttingsprosjekt, basert på konsept til Placement Utvikling AS.

Tilflyttingsprosjektet er eit regionalt prosjekt, der alle kommunane i Hallingdal er med. Målet er å legge til rette for tilflytting og varig bersetning ved å tilføre arbeidskraft og etablerarar til Hallingdal frå Nederland, Belgia og Tyskland.

Planlegging av prosjektet og etablering av styringsgruppe vart gjort i 2008. Oddvar Grøthe er leiar i styringsgruppa. Frå 1.1.2009 er Elfrid Tufte Bere tilsett som prosjektleiar i 50% stilling.

Sjå meir her: <http://www.regionraadet.no/Menyvalg/Prosjekter/Tilflytting-Placement/>

5.14 Energi- og klimaplan for Hallingdal og Valdres

I sak 38/07 handsama Regionrådet for Hallingdal forslaget om å utarbeide ein felles Energi – og klimaplan for Hallingdal og Valdres. Regionrådet var positiv og rådde kommunane i Hallingdal til å delta i prosjektet. Alle kommunane vedtok å vera med i arbeidet. Av ulike årsaker tok det noko tid før kommunane i Valdres hadde fatta positive vedtak, men i slutten av 2007 kom arbeidet i gang.

Forslag til Energi- og klimaplan for Hallingdal og Valdres – *Den grønne region* vart sendt ut på høyring i november 2009. Planen er at kommunane skal vedta planen i løpet av våren 2010.

Sjå meir her: www.valhallklima.no.

5.15 Eit opnare Hallingdal - utsiktsrydding

I sak 49/08 vedtok Regionrådet for Hallingdal å løyve midlar til prosjektet ”Utsiktsrydding Hallingdal”. Regionrådet ynskjer at Hallingdal skal delta som eitt av tre pilotprosjekt i eit hovudprosjekt, i regi av Buskerud fylkeskommune under navn ”Et åpnere Buskerud!”.

Attgroing er ei av dei største utfordringane for å kunne ha ei god reiseoppleveling langs vegane til og i Hallingdal. I tillegg til at utsiktsrydding er eit viktig element i eit reiselivsperspektiv vil også prosjektet ha gode effektar i forhold til trafikktryggleik.

Prosjektet starta opp i 2009 med registrering av aktuelle parsellar for rydding og tilbodskonkurranse. Det meste av ryddearbeidet for fase 1 vil skje i løpet av våren 2010.

5.16 Samarbeid barnevern i Hallingdal

I sak 55/08 gjorde Regionrådet for Hallingdal slikt vedtak:

Regionrådet for Hallingdal ber rådmannsutvalet utgreie felles barnevernsteneste eller nærmere samarbeid om barnevernstenestene for heile Hallingdal, utgangspunktet må vera ei best mogeleg barnevernsteneste, men innanfor dagens økonomiske rammer.

Regionrådet ber og om at rådmannsutvalet gjer ei nærmere avklaring i forhold til eit eventuelt ressurscenter for Bufetat i Hallingdal.

Med bakgrunn i utgreiing frå Rådmannsutvalet handsama Regionrådet i sak 09/09, forslag om felles barneverteneste for Hallingdal. Regionrådet for Hallingdal rådde kommunane til å gå inn for ei løysing med felles barnevernsteneste organisert etter modell med med administrativt vertskommunesamarbeid.

Alle seks kommunane i Hallingdal støtta forslaget om felles barnevernsteneste og Regionrådet for Hallingdal fekk fullmakt til å vedta lokalisering. I sak 40/09 vedtok Regionrådet at lokalisering av felles barnevernsteneste vart lagt til Ål.

Arbeidet med felles barnevernsteneste for Hallingdal har vore ein omfattande prosess som først og fremst rådmannsutvalet har hatt ansvaret for, og som har vore gjennomført på ein god måte. Hallingdal Barnevernsteneste vil etter planen bli lokalset i nye lokalar på Sundre med oppstart 1.9.2010.

5.17 Hallingdal Ungdomsråd

På Hallingtinget 28.april 2009 var eit tema ungdom, der det m.a. var ei drøfting med representantar frå dei kommunale ungdomsråda i Hallingdal. Eit av ynskja frå ungdomsråda var å få oppretta eit regionalt ungdomsråd, noko Hallingtinget ytra seg positivt til.

I sak 44/09 gjorde Regionrådet vedtak om å støtte opprettinga av Hallingdal Ungdomsråd (HUR). Regionrådet rådde og til at Regionrådet sitt årlege budsjett blir styrka med eit årleg beløp til drift av HUR, for 2010 kr. 80.000, noko som no er teke inni budsjettet for 2010.

5.18 Samhandlingsreforma, utvikling av ”Hallingdal lokalmedisinske senter”

I eit utvida møte for Samarbeidsutvalet for kommunane i Hallingdal og Ringerike sjukhus 3.9.2009 vart samhandlingsreforma drøfta, med vekt på utfordringar for Hallingdal. I denne samanheng vart det og presentert og drøfta ei prosjektskisse for Hallingdal lokalmedisinske

senter. Målet med prosjektet er å finne overordna løysingar for å kunne vidareutvikle Hallingdal sjukestugu som eit lokalmedisinsk senter, som base for:

- desentralisert spesialisthelseteneste,
- samhandling mellom spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta og
- interkommunalt samarbeid om kommunale tenester innan helse og omsorg.

I sak 46/09 gjekk Regionrådet for Hallingdal inn for at prosjektet "Hallingdal lokalmedisinske senter. Samhandlingsreformen – utvikling og organisering i Hallingdal" blir gjennomført i tråd med prosjektplan.

Prosjekteigar er Regionrådet for Hallingdal og Ringerike sykehus ved styret for Vestre Viken HF. Prosjektansvarleg er Oddvar Grøthe.

Trond Kleppen og Reidar Aasheim er tilsett som prosjektleiarar kvar med 50% stilling.
Prosjektet skal vera avslutta hauste 2010.

5.19 Uttaler

Hallingtinget har gjeve uttale til følgjande sak i 2009:

- Sak 05/09 Uttale til høringsdokument "Norsk Fjellpolitikk 2009"

Regionrådet har gjeve uttale til følgjande saker i 2009:

- Sak 02/09 Uttale forvalningsplan Rv7/Rv52.
- Sak 42/09 Uttale – Forslag til handlingsprogram for eksisterande og nye fylkesvegar 2010 - 2013
- Sak 45/09 Uttale, prosjekt livslang læring i Buskerud

6. VERV

Oversikt over div. verv der medlemmer frå Regionrådet er representert:

- Representant i styret for Hallingdal Næringshage; Torleif Dalseide
- Representant i fagrådet i Hallingdal Etablerersenter; Tor Egil Buøen
- Representant i styringsgruppe, Trafikktryggleik Hallingdal; Gerd Eli Berge (leiar)
- Representant i styret i Forum Nye Bergensbanen; Torleif Dalseide (leiar)
- Representant i styret for IS Rv7; Erik Kaupang (leiar)
- Fylkesmannen i Buskerud; Fornying og utvikling av kommunane – prosjektgruppe; Oddvar Grøthe,
- Utviklingsforum Buskerud fylkeskommune; Oddvar Grøthe
- Fjellregionsamarbeidet: Oddvar Grøthe og Olaug Grønseth Granli (valt 2008)
- Representant til SLT-prosjektet: Gerd Eli Berge og Tor Egil Buøen (valt 2008)

I tillegg er Knut Arne Gurigard valt som representant i Hallingmoprosjektet.

7. PERSONELL

Personell knytt til regionrådskontoret pr. 31.12.2009:

- Knut Arne Gurigard, dagleg leiar
- Målfrid Dusegard, sekretær
- Halgrim Merødningen, IKT-koordinator for kommunane i Hallingdal
- Ole-Reidar Lågrinn, fast tilsett prosjektleiar SLT, frå 1.1.2010
- Knut Erik Jetlund, prosjektleiar Trafikktryggleik Hallingdal, frå 5.2.2007
- Torunn Bekkeseth, prosjektleiar Lys i alle glas, frå 1.2.2008, 50% stilling
- Elfrid Tufte Bere, prosjektleiar tilflyttungsprosjekt, frå 1.1.2009, 50% stilling
- Trond Kleppen, prosjektleiar Hallingdal lokalmedisinske senter, 50% stilling

8. ØKONOMI

Driftsrekneskapen syner eit rekneskapsmessig underskot på kr. 7.419,90.

Det var budsjettet med totale driftsutgifter på kr. 1.412.000 og inntekter på kr. 1.384.000 inklusive kr. 150.000 i eigeninnsats på prosjekt.

Av større budsjettmessige avvik:

- Høgare utgift til pensjon enn berekna
- Auke i renteinntekter

Disposisjonsfond var 31.12.2009 på kr. 1.100.792,46.

9. UTFORDRINGAR

Hallingdal som dei fleste distriktsregionar har store utfordringar både når det gjeld befolkningsutvikling, næringsstruktur, arbeidsplass-/sysselsettingsutvikling og avstandslemper.

Sjølv om Hallingdal fram til no har vore skåna for dei store dramatiske endringane som kjenneteiknar typiske uttynningskommunar, er det fleire varsellamper som må takast på alvor. Det er mange trusselbilete t.d. utflytting og mangel på arbeidskraft.

For distrikta og spesielt for ein reiselivsregion som Hallingdal vil det vera naudsynt med eit godt utbygd kommunikasjonsnett.

Den verdsomspennande økonomiske krisa som kom til overflata i 2008 vart forsterka i 2009. Fagmiljøa meiner at både økonomisk vekst og internasjonal handel er blitt betydeleg svekka. Dette er forhold som også har fått betydning for Hallingdal og som gjev seg utslag i m.a. permiteringar og auka arbeidsløyse.

Hallingdal har som dei fleste regionar sterke sider som gjer eller kan utviklast til konkurransefortrinn. På same måte er det svake sider som kan vera umerker og som gjev utfordringar.

Regional utvikling handlar om å skape levedyktige og attraktive lokalsamfunn, kommunar og regionar der kvinner og menn i alle aldra og fasar av livet ynskjer å leva. Det må være arbeidsplassar, infrastruktur, skuletilbod, fritids- og kulturtildel med variasjon, mangfold og god kvalitet slik at folk vel regionen, kommunen eller lokalsamfunnet som sin livsarena.

Tidlegare var det stabilitet og ikkje mobilitet som vart sett på som ein verdi og som la premissar for distriktpolitikken. I dagens samfunn er mobilitet ein verdi som blir sett høgt fordi det er eit teikn på individualitet og å vera uavhengig. Det handlar om mogelegeheitene til å velje. Mobilitet har vorte ein grunnleggande premiss og ei utfordring for distriktpolitikken. Distrikts- og regionalpolitikken har ikkje lenger som mål at folk skal slutte å flytte på seg.

Den regionalpolitiske tenkinga har vore dominert av eit produksjonsperspektiv. I eit slikt perspektiv er det endringar i produksjonslivet som er rota til regionale problem og at flyttemønster i hovudsak blir styrt av tilgangen til arbeid. Ved å ta eit omvendt perspektiv, livskvalitetsperspektivet kan me tenke oss at næringslivet vil utvikle seg der folk vel å busetta seg, og at forhold som ikkje har med arbeidsmarknad kan vera avgjerande for folk sitt flytteval. Dette bør også kunne samsvara godt for Hallingdal som ein av landets største reiselivsregionar.

Nokre av hovudutfordringar for Hallingdal kan oppsummerast slik:

- Behalde levande lokalsamfunn
- Oppretthalde folketalet med balanse i alderssamsetning og kjønnsfordeling.
- Å legge til rette for omstilling, nyskaping og kreativitet.
- Å synleggjera Hallingdal sine mogelegeheter og behov overfor sentrale styresmakter.
- Å ta vare på det beste i Hallingdal sin kultur og tradisjon.
- Å styrke samarbeidet og bygge nettverk internt og eksternt.
- Å auke kompetansenivået.
- Sikre god kommunikasjon

Ungdommen er den viktigaste ressursen i det framtidige Hallingdal. Me treng ungdom som kan og vil omstille og nyskape ut frå eigen kompetanse og ut frå lokale ressursar og behov. Regionen må arbeide aktivt for å gje ungdommen innsikt og tru på ei framtid i Hallingdal. I denne samanheng kan fleire av tiltaka i strategisk plan vera viktige verktøy. Hallingdal Etablerersenter og Hallingdal Næringshage kan vera aktive medspelarar i dette arbeidet.

Profilering av Hallingdal som ein samla region vil kunne få stor verdi i framtida. I næringslivssamanhang, ikkje minst innan reiselivet vil dette ha mykje å seia. Overfor fylke og stat og ulike vesen og etatar vil det i mange samanhengar vera ei styrke å oppdre som ein samla region.

For at det regionale samarbeidet skal lykkast er det behov for dialog, betre informasjon og synlegging av kva Regionrådet arbeidar med, både i forhold til det politiske miljøet og Hallingdal generelt.

Utfordringane er store og for å lykkast er det nødvendig med godt samarbeid på alle nivå i tillegg til gode alliansepartnarar.

Viktige saker i 2010 er m.a:

- Følgje opp Strategisk plan for Hallingdal 2006 – 2010 med vedteke handlingsprogram.
- Regional organisering, vidareutvikling av det interkommunale samarbeidet
- Nasjonal Transportplan (2010-2019) med dei konkrete prosjekt som er viktige for Hallingdal
- Trafikktryggleiksprosjektet/Trygge Lokalsamfunn
- Oppfølging av arbeidet med regional planstrategi for Buskerud fylkeskommune
- Oppfølging av reiselivsstrategi for Buskerud
- Gjennomføring av partnarskapsavtala med Buskerud fylkeskommune
- Profilering av Hallingdal
- Rekruttering og kompetanseheving
- Følgje opp utfordringar i forhold til næringslivet i Hallingdal.

Ål 10.4.2010